

## Perler i Nordsjøløypa held fram i alle tre kommunane, verdiskapings-programmet til riksantikvaren blir avslutta

Verdiskapingsprogrammet for kulturminne (VSP) i regi av Miljøverndepartementet vil, som planlagt, bli avslutta ved årsskiftet 2010/2011. Perler i Nordsjøløypa (PIN) har vore eitt av 11 prosjekt som har inngått i VSP. PIN omfattar fjell-piloten, øygards-piloten og sund-piloten. Dei har teke i vare omfattande restaureringsoppgåver i dei tre kommunane. I tillegg har PIN óg omfatta det mobile kulturhuset Luftskipet, Kaisess-arrangement og -metodikk, samt Guideservice som har hatt fokus på lokalhistorie og utdanning av lokale guidar.

Sjølv om VSP blir avvikla, vil dei ulike delprosjekta bli drivne vidare slik at ein kan realisere dei målsetjingane som programmet var tufta på med omsyn til økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig verdiskaping, og langsiktig berekraft og vidareutvikling.

Det blir utarbeidd og trykt eigen, og open tilgjengeleg, sluttrapport for PIN som gjev nærare presentasjon av bakgrunnen for prosess, måloppnåing og vidareføring. Rapporten vil bli lagt ut på Gode Sirkklar si nettside.



1. Frå restaureringa.
2. Trellevik.
3. Kyrkjegarden ved havet, kolerakyrkjegarden i Tælavåg som er restaurert.
4. Selstøkverna.
5. Visningstur til Selstøbuene, som er restaurert i PIN.



### Forum for SMB i Øygarden

Gode Sirkklar har organisert eit forskningsarbeid i næringslivet i Øygarden. Føremålet har vore å finne utfordringar dei små- og mellomstore bedriftene i kommunen møter. SINTEF har stått for gjennomføringa. Resultata er lagde fram for kommunen og for bedriftene. Det blir no skipa eit forum, som første tiltak.

### Næringslivsseminar, mangfald og utfordringar i industrien

Samplan er det offentlege Noreg sitt kurs for kompetanseheving innafor samfunnsplanlegging. Kurset er tverrfagleg, og blir administrert av Kommunenes sentralforbund. 29. november brukte kursdeltakarane halve dagen i Fjell, og fekk mellom anna ei innføring i korleis Gode Sirkklar arbeider og tenker.

Andre foredrag på sesjonen i Fjell var innføring i planarbeidet i Fjell ved rådmann Steinar Nesse, og om byutviklinga på Straume, ved kommuneplanleggjar Hans Jakob Roald.

### Modell for undervisningssamarbeid i strategisk næringsplan i BRB-området

Business region Bergen har Praksisnær undervisning i kommunane som eitt av 4 tiltaksområde i sin strategiske næringsplan for regionen. Det er 20 kommunar i BRB, og tanken er at skuleverket skal implementere undervisningsmetodane som er utvikla i Gode Sirkklar. Det er no under utvikling ein modell, der eit undervisningstema frå subseanæringa blir tilpassa til ungdomssteget. Programmet er knytta til både eit nettspel, NCE sin ROV-installasjon på Vilvite og bedrifter i bransjen. Strategisk næringsplan kan du laste ned her: [http://brb.no/publish\\_files/SNP\\_rapport\\_web\\_\[2\]\\_Ferdig\\_rapport\\_12\\_mai.pdf](http://brb.no/publish_files/SNP_rapport_web_[2]_Ferdig_rapport_12_mai.pdf)

### Kysteventyret eit lite klikk unna, stadig betre nettjeneste.

Ny felles nettside for reiselivet i Hordaland er no på nett. Kysteventyret har sentral plassering her: <http://www.visitbergen.com/visitHordaland>

Fleire menyval sender dei som besøker sida til Kysteventyret sine nettsider. Aktiv bruk av facebook og twitter gjer nettbruken endå meir dynamisk, slik at vi no kan utnytte nærleiken til bergensområdet optimalt. Skøyteis, stjerneklåre kveldar med nordlys, meteorsverm eller måneformørking, flott solnedgang - interesserte får melding på nett og kan oppsøke naturopplevingane på kort varsel.

Attraksjonene i Kysteventyret er òg med på ein ny applikasjon for iPhone og androidtelefoner. App'en er gratis, og nyttig også til reiser andre stader i Noreg. Du finn link til nedlastingssider på Kysteventyret: [www.kysteventyret.no](http://www.kysteventyret.no)

Med denne programvaren vil telefonen din lese kvar du er, og vise deg kva som finst nær deg - for du kjem over Sotrabraua kjem reisemåla i regionen opp.

### Kysteventyret har store planer for nyåret

I januar skal Kysteventyret delta på reiselivsmessa. Vi skal ha med oss sentrale aktørar frå regionen, som skal presentere dei ulike reiselivstilboda ein kan finne på Sotra og i Øygarden. På messa presenterer Kysteventyret ein rykande fersk mini-brosjyre som tar for seg reiselivstilbudet i regionen. Det blir også utlodning og sal av t-skjorter som det var slagord-konkurranse for i sommar.

Kysteventyret - eit sant eventyr. Konferanse 9. februar: Gode Sirkklar arrangerer for tredje gong Akselerasjonskonferansen i Liaskjærshallen, så no er det tradisjon. Denne dagen skal vi rette fokuset på reiselivet i regionen. Det blir ein innhaldsrik dag med spanande foredrag om korleis vi skal lukkast med reiseliv i regionen.

I mars arrangerer Kysteventyret studietur for regionen sine reiselivsinteressantar. Kvar turen skal gå, er enno ikkje bestemt, men datoen for happeningen er sett til 10. mars. Så om ein vil ha med seg dette, kan ein sette av datoen allereie no.

## Takk for samarbeid i 2010, God Jul og velmøtt i 2011

Gode Sirkklar vil gjerne få takke for samarbeid og kontakt i 2010. Verksemda til Gode Sirkklar kviler på gode relasjonar, kommunikasjon og samhandling. At du -og dei andre mottakarane av Nyhetsbrevet- bruker tid på å orientere deg om aktiviteten i selskapet, er ei viktig støtte til Gode Sirkklar sitt arbeide i regionen.

Vi håpar på interesse og samarbeid også i 2011, og ønskjer det beste for jule- og nyårshelga.